



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Overordna ROS-analyse for Vinje kommune - revidering 2025

Vedlegg

Vedlegg

- 1 Overordna ROS-analyse for Vinje kommune - revidering 2025

Dokument i saka

Gjeldande ROS-analyse.

Bakgrunn

Sivilbeskyttelsesloven stiller krav om samfunnssikkerheit og beredskap gjennom kommunal beredskapsplikt. I følge § 14 i lova har kommunane som lovkrav å kartlegge risiko og sårbarheit i ein heiskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), og å utarbeide ein plan for å redusere sannsynligheita for at uønska hendingar oppstår. Formålet med å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyser er altså å skape klarheit om dei viktigaste fareområda og sårbarheitane som kan true kommunen.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) rår til at heilskapleg ROS blir oppdatert kvart fjerde år, i samband med at kommunen utarbeider planstrategien sin. Vinje kommune reviderte sin overordna ROS-analyse sist i 2020. Denne revideringa omfattar ein gjennomgang av eksisterande risikovurderingar, samt erfaringar frå ulike hendingar i kommunen og nabokommunar dei siste fem åra. I tillegg er det teke omsyn til nye relevante nasjonale trusselvurderingar i FylkesROS, samt analyser av krisescenario (AKS).

Vurdering

Denne overordna risiko- og sårbarheitsanalysa kartlegg kva risikoar som kommunen kan stå ovanfor i framtida. ROS-analyse er bygd opp med scenario som kan skje i Vinje, og der kvart scenario blir vurdert etter kor truleg det er at hendinga skjer, kva konsekvensar hendinga kan føre til og kva tiltak som må gjennomførast. Analysa viser at det er naturbaserte hendingar,

som orkan, der bortfall av energiforsyning og el-forsyning er ein følgjekonsekvens, som gjev dei største utfordringane for den daglege tryggleiken for flest personar.

Utkastet til revidert overordna risiko- og sårbarheitsanalyse har vore sendt ut på innspelsrunde til elleve relevante samvirkeaktørar, samt lagt til off. ettersyn for ålmenta. Innkomne innspel er tekne inn i dokumentet.

Kommunedirektøren vurderer at den heilheitlege ROS-analysen for 2025 utgjer eit godt og nødvendig verktøy for Vinje kommune sitt samfunnssikkerheitsarbeid. Det er avgjerande å vedta analysen for å sikre at Vinje kommune oppfyller krav i lov og forskrift, og for at kommunen kan fortsette sitt systematiske arbeid med å identifisere, førebygge og handtere uønska hendingar. Analysen gir eit fundament for framtidige prioriteringar og investeringar i beredskap, og vil bidra til å styrke kommunens motstandskraft overfor framtidige kriser, til det beste for innbyggjarane og lokalsamfunnet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vinje kommune blir vedtatt slik den ligg føre.
--